

Kyrkjeleg årsstatistikk for 2004

Tala som vert ført inn må berre gjelda eitt sokn. Alle felt må fyllast ut så eksakt og korrekt som mogleg, særleg gjeld dette nøkkeltala som skal fyllast ut komplett.

Ved uaktuell aktivitet skal det først strek «-». Dersom aktiviteten er aktuell, men det ikkje har vore aktivitet i statistikkåret skal det setjast «0». Dersom ein ikkje har nøyaktige tal, skal eit overslag gjerast, og talet skal då setjast i parentes (...). Om det ikkje finst opplysingar om aktivitetar (manglande data), skal rubrikken setjast blank. Fellestiltak for fleire sokn skal først opp på eitt av sokna, dei andre sokna registrerer 0 (med merknad: «Ført på ...sokn»). For ytterlegare informasjon om utfyllinga, sjå utvida rettleiing.

Sokn	
Prestegjeld	
Prosti	
Bispedøme	
Kommune	

1. Nøkkeltal

Nøkkeltala vert henta frå kyrkjebøkene og dagsregisteret over gudstenester m.v. Alle felt må fyllast ut, evt. med «0» om det ikkje har vore aktivitet på eit felt. Blanke felt eller strek skal ikkje nyttast under denne posten, då desse tala skal vera komplette.

Summen av 1.10 og 1.11 vil vera det totale talet på gudstenester.

Summen av 1.12 og 1.13 vil vera det totale talet på gudstenester med nattverd.

	Tal	Tal på deltakarar
1.1 Innmelde i Den norske kyrkja		
1.2 Utmelde av Den norske kyrkja		
1.2.1 Av desse utmelde til anna kristent trussamfunn		
1.3 Døypte innførte med nummer		
1.3.1 Av desse døypte som er 12 år eller eldre		
1.4 Døypte busette i soknet		
1.5 Ekteskapsinngåing med forbøn, innførte med nummer		
1.6 Ekteskapsinngåing med forbøn, der brura bur i soknet		
1.7 Forbøn for borgarleg inngått ekteskap		
1.8 Gravferder innført med nummer		
1.9 Unge som har delteke i konfirmasjonsgudstenesta (forbønshandlinga)		
1.10 Hovudgudstenester på søn- og helgedagar		
1.11 Alle andre gudstenester/møter med gudstenestleg karakter i alt		
	Tal	Tal på nattverdsgjestar
1.12 Hovudgudstenester med nattverd søn- og helgedagar		
1.13 Andre gudstenestlege arrangement med nattverd (inkl. pkt. 2.6 og 2.7)		
	Tal	
1.14 Forordna gudstenester		

2. Gudstenester o.a.

Under dette punktet er det ført opp nokre ulike typar gudstenester. Her skal det først talet på slike gudstenester og talet på deltakarar, evt. talet på nattverdsgjestar. Når det gjeld gudstenester med skriftemål (2.5) skal talet på dei som går til skrifte først.

Om kyrkjelyden ikkje har hatt messefall skal det først «0» i rubrikken 2.8.

	Tal	Tal på deltakarar
2.1 Familie- og ungdomsgudstenester i alt		
2.1.1 Av desse familie- og ungdomsgudstenester som hovudgudstenester søn- og helgedag		
2.2 Musikk gudstenester, musikkandaktar i alt (Konsertar skal kun først i pkt. 9.3. Sjå rettleiing)		
2.3 Gudstenester i kyrkja for barnehagar		
2.4 Skulegudstenester i kyrkja (evt. på skulen)		
	Tal	Tal til skrifte
2.5 Gudstenester med skriftemål		

2. Gudstenester o.a. (forts.)

	Tal	Tal på nattverdsgjestar
2.6 Gudstenester med nattverd ved institusjonar		
2.7 Soknebod		
	Tal	
2.8 Messefall (forordna gudsteneste som vert avlyst grunna sjukdom, vikarmangel o.l.)		

3. Barnehage- og skulekontakt

Her skal det først tal for besøk, møte o.l. og det totale talet på deltakarar ved desse.

	Tal	Tal på deltakarar
3.1 Barnehagebesøk i kyrkja (kyrkjene)		
3.2 Besøk i barnehagen (barnehagane) ved prest, kateket eller annan kyrkjelydsarbeidar		
3.3 Særskilte møte/konferansar med barnehagelærarar		
3.4 Klassebesøk i kyrkja (kyrkjene)		
3.5 Besøk i skuleklassar, skuleandakt på skulen ved prest, kateket eller annen kyrkjelydsarbeidar		
3.6 Særskilte møte/konferansar med lærarar		

4. Barne- og ungdomsarbeid

Kontinuerlege/regelmessige tiltak gjeld talet på faste tiltak som vert halde kvar veke eller månadleg. Avgrensa tiltak gjeld talet på einskilde tilskipingar og tiltak som går føre seg over ein avgrensa periode.

Her skal først talet på tiltak, **totalt** tal på samlingar/tilskipingar og det **totale** talet på deltakarar for samtlige samlingar.

	Tal på tiltak	Tal på samlingar	Tal på deltakarar
4.1 Kontinuerlege/regelmessige tiltak for born opp til konfirmasjonsalder			
4.2 Avgrensa/einskilde tiltak for born opp til konfirmasjonsalder			
	Tal		
4.3 Friviljuge medarbeidarar/leiarar			
	Tal på tiltak	Tal på samlingar	Tal på deltakarar
4.4 Kontinuerlege/regelmessige tiltak for unge i og etter konfirmasjonstida			
4.5 Avgrensa/einskilde tiltak for unge i og etter konfirmasjonstida			
	Tal		
4.6 Friviljuge medarbeidarar/leiarar			

5. Sokneråd o.a.

Soknemøte inkluderer årsmøtet.

Under utval skal først opp tal på utval, komitéar o.a. som soknerådet har sett ned, og talet på **medlemmer** som til saman er med i slike utval o.a.

Medarbeidarsamlingar gjeld samlingar for rådsmedlemmer, stab og friviljuge medarbeidarar, men ikkje ordinære stabsmøter.

	Tal	Tal på deltakarar
5.1 Soknerådsmøte		
5.2 Soknemøte (kyrkjelydsmøte)		
5.3 Utval, komitéar m.v. under soknerådet		
5.4 Medarbeidarsamlingar (ekskl. ordinære stabsmøter)		

6. Kyrkjer

Dersom det ikkje finst andre kyrkjer/lokale vigde til kyrkjeleg bruk skal det førast «0». Strek («-») skal ikkje nyttast i desse rubrikkane.

	Tal
6.1 Kyrkjer som er godkjende som kyrkjer	
6.2 Andre kyrkjer/lokale vigde til kyrkjeleg bruk	

7. Økonomi

Om kyrkjelyden ikkje har hatt kyrkjoefringar eller andre innsamlingar/kollektar og gåveinntekter skal det førast «0». Strek («-») skal ikkje nyttast i desse rubrikkane (7.1 og 7.2).

Om kyrkjelyden ikkje har noka fast gjevarteneste (7.3) skal det førast «-».

Før alle økonomital skal summen i **heile kroner** førast. Summen i rubrikken til eiga verksemd skal naturleg nok ikkje vera større enn summen i alt.

	Kroner i alt	Av dette til eiga verksemd
7.1 Kyrkjoefringar (offer/kollekt) i kyrkja (kyrkjene) i alt		
7.2 Andre innsamlingar/kollektar og gåveinntekter i soknet		
7.3 Innkome gjennom gjevartenesta i kyrkjelyden		

8. Diakoni og omsorgsarbeid

Under 8.1 tek ein med regelmessige tiltak som vert halde kvar veke/månadleg eller minimum 3 gongar pr. semester.

Avgrensa tiltak i pkt. 8.2 gjeld tiltak av eingongs karakter eller som pågår over ein avgrensa periode.

Her skal talet på tiltak, **totalt** tal på samlingar og det **totale** talet på deltakarar ved samtlege slike tiltak førast.

	Tal på tiltak	Tal på samlingar	Tal på deltakarar
8.1 Kontinuerlege/regelmessige diakonale tiltak for vaksne			
8.2 Avgrensa/einskilde diakonale tiltak for vaksne			

	Tal
8.3 Frivillige medarbeidarar/leiarar	
8.4 Sjukebesøk/husbesøk ved tilsette	

9. Kor og musikkgrupper

Deltakertala for kor/musikkgrupper (9.1 og 9.2) skal visa kor mange **medlemmer** som til saman er med i slike kor/musikkgrupper.

Deltakertala ved konsertar (9.3) skal visa totalt tal på deltakarar for samtlege konsertar.

	Tal	Tal på deltakarar
9.1 Kor/musikkgrupper for born og unge		
9.2 Kor/musikkgrupper for vaksne		
9.3 Konsertar o.l. i kyrkja		

10. Misjon, evangelisering, økumenikk

Deltakertala ved økumeniske tilskipingar (10.4) skal visa totalt tal på deltakarar ved samtlege tilskipingar.

Når det gjeld særskilte evangeliseringstiltak lokalt (10.5) skal tal på frivillige medarbeidarar som er engasjerte i dette arbeidet registrerast.

	Tal	Tal på deltakarar
10.1 Kyrkjelyden sine misjonsprosjekt i andre land		
10.2 Andre samarbeids- og solidaritetsprosjekt med kyrkjer i andre land		
10.3 Venskapskyrkjelydar med kyrkjer i andre land		
10.4 Økumeniske/tverrkyrkjelege gudstenester/fellesmøter/tilskipingar		

	Tal	Tal på medarbeidarar
10.5 Særskilte evangeliseringstiltak lokalt		

11. Vaksenundervising, foreiningar o.l.

Deltakertala for bibelgrupper, samtalegrupper, andre grupper og foreiningar som inngår i kyrkjelyden sitt arbeid (11.1 og 11.2) skal visa talet på grupper, **totalt** tal på samlingar og det **totale** talet på deltakarar i slike grupper.

Det **totale** deltakertala skal også førast når det gjeld kyrkjelydsskule, innførings- og opplæringskurs (11.3).

	Tal på grupper	Tal på samlingar	Tal på deltakarar
11.1 Bibelgrupper, samtalegrupper o.l.			
11.2 Andre grupper og foreiningar (kyrkjeforeiningar, misjonsforeiningar o.l.)			

	Tal	Tal på deltakarar
11.3 Kyrkjelydsskule, innførings- og opplæringskurs o.l.		

12. Anna verksemd i soknet

Her ber vi soknerådet eller soknepresten om å gje eit overslag på kor lite eller mykje verksemd som vert driven av dei kristelege organisasjonane som arbeider på Den norske kyrkja sin grunn, og kor mange bedehus/forsamlingslokale, foreiningar og tiltak o.l. som desse til saman har. Dette gjeld altså arbeid som vert drive av andre og som ikkje inngår i kyrkjelyden sitt ansvar for verksemd.

	Tal
12.1 Tal på bedehus eller andre forsamlingslokale innan soknet som er i bruk	

12.2 Føregår det lite eller mykje kristeleg arbeid i soknet i regi av dei frivillige kristelege organisasjonane ut over det som er teke med i skjemaet?

Inkje Særs lite Noko Mykje Særs mykje

12.2.1 Stipuler talet på foreiningar, lag, tiltak, grupper osv. som er engasjerte i dette arbeidet:

0 1-9 10-19 20-29 30-49 50 og fleire

Dato:..... Underskrift.....
(Leiar i soknerådet)

Dato:..... Underskrift.....
(Soknepresten/kyrkjebokførande prest)

Det ferdig utfylte skjemaet skal vera kyrkjeleg fellestråd ved dagleg leiar i hende innan 5. februar.

Dagleg leiar kontrollerer opplysningane og sender samtlege skjema vidare til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) innan 15. februar med kopi til bispedømerådet og prosten.

NSD
Hans Holmboesgt. 22
5007 BERGEN

<http://www.kirkedatabasen.no>



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjerådet

Kyrkjeleg årsstatistikk for 2004 – Rettleiing til årsstatistikkskjemaet

Skjemaet skal gje ei talmessig oversikt over sentrale sider ved soknets si verksemd som soknerådet, prest og andre tilsette driv i sin regi.

Nedanfor følgjer prosedyra for utfylling av skjemaet:

- Tala som vert førte inn må berre gjelda eitt sokn.
- Alle felt må fyllast ut så eksakt og korrekt som mogleg, særleg gjeld dette nøkkeltalla (post 1) som skal fyllast ut komplett.
- Ved uaktuell aktivitet (t.d. dersom kyrkjelyden ikkje har barnehagegudstenester avdi det ikkje finst barnehagar i soknet) skal det først strek («←»).
- Om aktiviteten er aktuell, men det ikkje har vore aktivitet i statistikkåret skal det setjast «0».
- Om ein ikkje har nøyaktige tal, skal det gjerast eit overslag, og talet skal då setjast i **parentes**.
- Om det ikkje finst opplysingar om aktivitetar (manglande data), skal rubrikken setjast **blank**.
- Evt. fellestiltak for fleire sokn skal først opp på eitt av sokna, dei øvrige sokna registrerer **0** (med følgjande merknad: «Ført på ... sokn»).

Dette er hovudreglane for føring. Unntak frå desse reglane vil vera spesifisert både i sjølve skjemaet og seinare i denne rettleiinga.

Ei kort rettleiing for utfylling av skjemaet finst under dei einskilde postene frå 1-12.

Om kyrkjelyden ikkje har rutinar for fortløpande registrering m.a. i dagsregisteret, bør slike etablerast, då dette vil vera ein føresetnad for påliteleg statistikk.

Ansvarleg for utfylling av skjemaet er soknerådet og kyrkjebokførande prest i soknet. Det ferdig utfylte skjemaet skal vera kyrkjeleg fellesråd ved dagleg leiar i hende **innan 5. februar**.

Dagleg leiar kontrollerer opplysingane og sender samtlege skjema vidare til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) innan **15. februar** med kopi til bispedømerådet og prosten.

Institusjonsprestar o.a. som er pålagde eiga kyrkjebokføring sender særskild skjema til biskopen/bispedømerådet for vidare rapportering til NSD.

1. Nøkkeltal

Nøkkeltala vert henta frå kyrkjebøkene og dagsregisteret for gudstenester m.v. Alle felt må fyllast ut, evt. med «0» om det ikkje har vore nokon aktivitet på feltet. Strek («←») for uaktuell aktivitet skal **ikkje** nyttast her.

Innmeldt i DnK (1.1) skal **ikkje** inkludera talet på døypte.

Døypte busette i soknet (1.4) gjeld alle døypte busette i soknet uavhengig om dei er døypte i eller utanfor soknet. Talet kjem fram på følgjande måte: Talet på døypte innført med nr., minus talet på døypte busette utenfor soknet, pluss talet på døypte utan nr., dvs. personar som er busette i soknet, men som er døypt i eit anna sokn.

For 1.6 gjeld tilsvarande framgangsmåte som for 1.4.

Hovudgudstenester son- og helgedag (1.10) gjeld alle hovudgudstenester i soknet, inkludert hovudgudstenester med nattverd, uavhengig om dei vert halde på dag- eller kveldstid, t.d. skjærtorsdag, 2.dagane o.l. Også gudstenester julaftan skal takast med her. Vert det halde to «like» gudstenester etter kvarandre, t.d. i samband med konfirmasjon og julaftan vert både/alle rekna som hovudgudstenester.

Under *alle andre gudstenester* (1.11) skal alle gudstenester som vert halde i kyrkja/lokale vigde til kyrkjeleg bruk, inkl. barnehage- og skulegudstenester, eigne dåpsgudstenester, gudstenester ved institusjonar, friluftsgudstenester, lysmesser o.l. takast med, jf. Gudstenesteboka kap. III og IV. Andaktar ved institusjonar skal ikkje takast med her, men skal først i pkt. 8.1 eller 8.2. Summen av 1.10 og 1.11. vil vera det totale talet på gudstenester og gudstenestedeltakarar.

I rubrikken *«tal på nattverdsgjestar»* (1.12 og 1.13) skal tal på *gjestar* og ikkje talet på dei som er tilstades ved gudstenestene først.

Under 1.13 skal alle andre gudstenester og gudstenestlege samlingar med nattverd, **inkludert** nattverdsgudstenester og nattverdsgjestar på institusjonar og ved soknebud i 2.6 og 2.7 først opp.

Summen av 1.12 og 1.13 vil vera det totale talet på gudstenester med nattverd.

Under 1.14 skal det totale talet på gudstenester som biskopen har forordna (fastsett) skal haldast i soknet for samtlege kyrkjer først. Har biskopen forordna eigne dåpsgudstenester straks etter høgmissa skal desse takast med her.

2. Gudstenester o.a.

Under denne posten er det ført opp *nokre* ulike typar gudstenester. Her skal talet på slike gudstenester og talet på deltakarar, evt. talet på nattverdsgjestar først.

Under pkt. 2.1 skal ikkje barnehage- og skulegudstenester først, dei skal takast med i pkt. 2.3 og 2.4. Konsertar o.l. som ikkje er definert som musikk gudstenester o.l. i samsvar med Gudstenesteboka, skal først under pkt. 9.3. Når det gjeld gudstenester med skriftemål (2.5) skal talet på dei som går til skrifte først. I pkt. 2.6 og 2.7 skal talet på nattverdsgjestar først. Om kyrkjelyden ikkje har hatt messefall skal «0» først i denne rubrikken (2.8).

3. Barnehage- og skulekontakt

Her skal besøk, omvising i kyrkja eller kyrkjelyden (3.1 og 3.4), og besøk, andaktar, undervisingsstimar o.l. som prest eller annan tilsett har hatt i barnehage eller skule (3.2 og 3.5) først. Gudstenester for barnehagar/skular skal ikkje takast med her, men skal først i pkt. 2.3 eller 2.4.

4. Barne- og ungdomsarbeid

Kontinuerlege/ regelmessige tiltak gjeld talet på faste tiltak som vert halde kvar veke eller månad. Det kan vera sundagsskule, barnegrupper, barnekor, speidargrupper o.l. (4.1) eller ungdomsklubb, samtalegrupper, gospelkor o.l. (4.4). *Avgrrensa tiltak* gjeld talet på einskilde tilskipingar og tiltak som går føre seg over ein avgrrensa periode, t.d. dåpshelsingar, utdeling av kyrkjebok, dåpsskule (4.2) eller weekends, aksjonar, gospelkveldar, leiar kurs o.l. (4.5). Tiltak (grupper o.l.) som kun er for konfirmantar skal ikkje takast med her.

Talet på tiltak gjeld **totalt** tal på tiltak. (*Dome: Har kyrkjelyden 3 barnegrupper og 2 speidargrupper vil det seia 5 tiltak.*) Talet på samlingar gjeld **totalt** tal på samlingar for samtlege tiltak. (*Dome: Har kyrkjelyden utdeling av kyrkjebok 2 gonger pr. år vil det seia eitt tiltak og 2 samlingar.*) Talet på deltakarar (medlemmer) gjeld det **totale** deltakartalet for **samtlege** samlingar. **Kyrkjelyden vert rådd til å føra fram møtere registrering for slike tiltak.**

Under *frivillige medarbeidarar* skal leiarar/medhjelparar som er engasjerte i barnarbeidet (4.3) eller i ungdomsarbeidet takast med (4.6).

5. Soknerådet o.a.

Soknemøte (5.2) inkluderer også årsmøtet. Talet på deltakarar gjeld **totalt** tal på deltakarar ved samtlege soknemøter.

Under *utval* (5.3) skal talet på utval, komitear, råd og arbeidsgrupper som soknerådet har nedsett, og talet på medlemmer i desse organa, forast opp. (*Døme: Har kyrkjelyden eitt diakoniutval med 5 medlemmer og ein kyrkjekomite med 3 medlemmer vil det seia 2 utval og 8 medlemmer.*)

Medarbeidersamlingar (5.4) gjeld samlingar for rådsmedlemmar, stab og friviljuge medarbeidarar, men ikkje ordinære stabsmøte. Når det gjeld talet på deltakarar skal det **totale** talet på deltakarar på alle medarbeidersamlingar forast.

6. Kyrkjer

Under 6.1 skal godkjende kyrkjer etter *kyrkjelova* § 17, som vert nytta til kyrkjelyden sine hovudgudstenester forast.

Under 6.2 skal fjellkyrkjer, sportskapell, leirstadar, kyrkjelydshus, bedehus, skular o.l. som vert nytta til gudstenester og kyrkjelege handlingar nokre få gonger i året eller ved særskilde høve takast med.

Om det ikkje finst andre kyrkjer/lokale vigde til kyrkjeleg bruk skal det forast «0». Strek («—») skal ikkje setjast i desse rubrikkane.

7. Økonomi

I pkt. 7.1 skal offer- og kollektinntekter som vert samla inn i kyrkja (kyrkjene) ved ordinære gudstenester forast.

I pkt. 7.2 skal alle andre inntekter, t.d. andre kollektar, gåver, arv, basasar, konsertinntekter, inntekter ved loppemarknad, julemesser, innsamlingar til ulike føremål som til kyrkjelydsbladet, diakonale tiltak, barnarbeid, kyrkjelydshus, utsmykking av kyrkja, fasteaksjon, misjonsprosjekt, minnegåver til kyrkja osv. som inngår i kyrkjelyden sitt arbeid/rekneskap forast.

I pkt. 7.3 skal inntekter ved gjevartenesta forast.

Om kyrkjelyden ikkje har hatt kyrkjoefringar eller andre innsamlingar/kollektar og gåveinntekter skal det forast «0».

Strek («—») skal *ikke* setjast i desse rubrikkane (7.1 og 7.2).

Men om kyrkjelyden ikkje har noka fast gjevarteneste skal det forast «—» i rubrikkane under pkt. 7.3.

For alle økonomital skal summen av ofringar/inntekter forast i heile kroner. Summen i rubrikken *til eiga verksemd* skal naturleg nok ikkje vera større enn summen *i alt*.

8. Diakoni og omsorgsarbeid

Under 8.1 skal *regelmessige tiltak* som vert halde kvar veke/månad eller minimum 3 gonger pr. semester takast med. Det kan vera besøksteneste, eldretreff, hyggetreff, kyrkjeskyss, køyreteneste, samtale-, omsorgs-, sorg- og ekteskapsgrupper osv. Det kan også vera jamnlege andaktar, miljøkveldar på institusjonar o.l.

Avgrensa tiltak i pkt. 8.2. gjeld tiltak av eingongs karakter eller tiltak som pågår i ein avgrensa periode, t.d. tilskipingar, temakveldar, blomnehelsingar, ekteskapskurs, aksjonar, eldrefest, sporadiske andaktar på institusjonar, medarbeidarkurs osv.

Tal på tiltak gjeld **totalt** tal på tiltak. (*Døme: Har kyrkjelyden 3 samtalegrupper og 1 månadleg eldretreff, vil det seia 4 tiltak.*) Talet på samlingar gjeld **totalt** tal på samlingar for samtlege tiltak. (*Døme: Har kyrkjelyden eldrefest to gonger i semesteret, vil det seia 1 tiltak og 2 samlingar.*) Talet på deltakarar (medlemmer) gjeld det **totale** deltakartalet for samtlege samlingar.

Under pkt. 8.4 skal sjukebesøk, husbesøk, sjelesorgsamtalar o.l. som prest og andre har forast, men ikkje samtalar presten har i samband med kyrkjelege handlingar (dåpssamtale, vigselstale osv.).

9. Kor, musikkgrupper og konserter

Musikkgrupper gjeld instrumentalgrupper, band, orkester o.l. Konserter o.l. gjeld alle andre musikalske tiltak og musikktilskipingar som ikkje inngår i musikk-gudstenester m.v. under pkt. 2.2, uavhengig av om det vert teke inngongspengar. Det gjeld også konserter som kyrkjelyden held i andre lokale enn i kyrkja. Konserter som vert halde av andre som kyrkjelyden har leigd ut kyrkja til, vert berre å ta med om konserten/tilskipinga går inn som ein del av kyrkjelyden sitt arbeid.

Deltakartalet ved konserter skal visa totalt tal på deltakarar for samtlege konserter.

10. Misjon, evangelisering, økumenikk

10.1 gjeld t.d. samarbeidsavtalar med misjonsorganisasjonar om misjonsoppgåver, utsending av misjonærar, økonomisk stønad.

I 10.2 skal samarbeidsprosjekt, støtte-, solidaritets- og utvekslingsprosjekt kyrkjelyden har med kyrkjer i andre land takast med. Eit einskild prosjekt skal *kun* forast i ein av desse rubrikkane.

I 10.3 skal venskapskyrkjelydar med kyrkjer i andre land forast.

Under pkt. 10.4 skal økumeniske gudstenester, samlingar og kampanjar som kyrkjelyden er med på forast, uansett kvar dei er haldne. Økumeniske gudstenester som er halde i eiga kyrkje, skal også takast med under pkt. 1.11. Deltakartalet ved økumeniske tilskipingar skal visa totalt tal på deltakarar ved samtlege slike tilskipingar.

10.5 gjeld særskilte evangeliseringstiltak som kyrkjelyden har sett i gang ovanfor særskilte aldersgrupper, målgrupper eller innanfor geografiske område. Talet på medarbeidarar gjeld talet på friviljuge medarbeidarar som er engasjerte i dette arbeidet.

11. Vaksenundervising, foreiningar o.l.

Når det gjeld bibelgrupper, husfelleskapsgrupper, bønegrupper o.a. (11.1) og andre grupper og foreiningar, t.d. kyrkjeringar, kyrkjelydspleieforeiningar o.a. (11.2) som går inn i kyrkjelyden sitt arbeid, skal det **totale** talet på grupper, det **totale** talet på samlingar og det **totale** talet på deltakarar som til saman har delteke i slike grupper forast.

Under 11.3 skal det **totale** talet på kurs, samlingar, møter, bibeltimar, temamøter o.l. som går inn i kyrkjelyden si leiarfostring, vaksenopplæring eller medarbeidarfostring takast med, og det **totale** talet på deltakarar som til saman har delteke på desse samlingane.

12. Anna verksemd i soknet

Her ber vi kyrkjelyden om å gje eit overslag over kor lite eller mykje verksemd som vert driven av dei kristelege organisasjonane som arbeider på grunnen til Den norske kyrkja, og kor mange foreiningar og tiltak o.l. som desse til saman har både innan barne- og ungdomsarbeid, misjonsforeiningar osv. Dette gjeld altså arbeid som vert drive av andre og som ikkje går inn under kyrkjelyden sitt ansvar for verksemd.

Under pkt. 12.1 skal bedehus o.l. som vert drivne av ein kristeleg organisasjon eller som er privat stifting forast. Om det ikkje finst bedehus/forsamlingslokale som er i bruk innan soknet skal det forast «0». Strek («—») skal ikkje førekomma i denne rubrikken.